

# Trynefaktoren

«Kampen om ordførarposisjonen er blitt vesentleg hardare nå enn for nokre tiår sidan, og som einaste heiltidspolitikaren er ordføraren blitt viktigare for kommunen»

## **Avkledd partimessige flosklar og valflesk handlar lokalvalkampen eigentleg om tillit og manglande tillit til personar.**

**OPEN VALKAMP.** Ei hovudutfordring ved det komande lokalvalet blir å få mange nok veljarar til stemmeurnene. Særleg utfordrande blir det å få førstegongsveljarane og dei unge til å stemme. Internasjonal forskning viser at dersom du ikkje har brukt stemmeretten din i dei tre første vala du kan delta i, så er sjansen stor for at du forblir ein sofaveljar livet ut. Det å nå dei unge veljarane burde derfor oppta lokalpolitikarane meir enn det gjer, og det spørst om eldreomsorg er det mest engasjerande temaet i så måte.

Sjølv om meiningsmålingane så langt tyder på at særleg FrP og Ap kjem til å gjere eit godt val, så kan bildet endre seg mykje før valdagen kjem. Undersøkinga av stortingsvalet i 2005 viser at valkampen har fått ein større innverknad på valresultatet enn ved tidlegare val. Heile 56 prosent av veljarane avgjorde kva parti dei skulle stemme på under sjølve valkampen. 32 prosent venta med å bestemme seg til den siste veka, og heile 11 prosent bestemte seg på sjølve valdagen. Det siste er i seg sjølv nok til å endre eit valutfall. Det er all grunn til å tru at valkampen har fått meir å seie også ved lokalval, og dei neste to vekene kan såleis mange endringar skje i veljarmassen, og valresultatet er like ope som det har vore.

**Personfokusert.** Både ved lokalval og ved stortingsval er personfokuseringa blitt sterkare og sterkare, og partia profilerer seg

meir og meir gjennom ein eller nokre få personar. Det er ikkje tilfeldig at Arbeidarpartiet nyttar Jens Stoltenberg i bortimot alle TV-debattar. Det er partitoppene som blir brukt også i dei andre partia, og i avisene får desse partitoppene karakter alt ettersom korleis dei greidde å bite frå seg i debatten. Veljarane si oppfatning av korleis desse få toppene greidde seg, slår direkte ut i partiopplutninga. I Carl I. Hagens velmaktsdagar fekk Framskrittspartiet haugevis av stemmer i lokalval i kommunar der partiet ikkje stilte liste. Det var formannens TV-suksess og ikkje partiprogrammet som gjorde susen, og det var tilliten til Hagen som skaffa stemmene, ikkje så mykje kva FrP sto for. I dei dagar sto dessutan FrP for alt som kom ut av Hagens munn. Partileiarane er blitt ikon for partia sine, og i altfor stor grad slår deira valkampinnsats ut på opplutninga under valet. Det blir direkte meiningslaust i eit lokalval der ingen av partitoppene stiller til val.

«**Spin-doctors**» Partitoppene omgir seg med eit kobbelt av rådgivarar og såkalla «spin-doctors». Dette amerikanske omgrepet tyder ein person som har til oppgåve å framheve det positive med ein person eller eit tema og tone ned dei negative sidene. Særleg i USA, men sikkert også her i landet, er det dessutan spindoktorens jobb å grave fram noko negativt om ein konkurrent. Det handlar om å plassere slike negative opplysningar, såkalla «dritpakkar» ute i det offentlege rom, og vi har vel sett nokre slike døme under denne valkampen. Nokre har vore



vellykka, mens andre har vore ein fiasko. Også i planlegging av reiseruter og liknande er det om å gjere å stille opp topp-politikaren slik at vedkomande mest mogeleg tar lyskastarane vekk frå konkurrenten. Vi såg eit døme på detdå statsminister Jens Stoltenberg reiste rundt i Siv Jensens reiserute med helikopter og kom med lovnader som skulle ta brodden av den kritikken som FrP-leiar Siv Jensen skulle kome med etterpå. Meir og meir av valkampen sentralt er regissert, eller forsøkt regissert, men så skjer det ting som gjer at planane må leggest om. Partitoppene sine reiseruter må leggest opp slik at dei aldri er langt unna tilgangen til eit TV-kamera, på vona om det er noko som skal kommenterast. Då er det mykje enklare med lokal valkamp.

**Handlar om personar.** I ein lokalvalkamp bør det først og fremst handle om lokale personar, ikkje om tilliten til rikspolitikarane, men om dei som tar mål av seg til å styre kommunen dei neste fire åra. Å velje etter partiprogram har lite for seg. Partiprogramma er i stor grad ønskelister som er lite forpliktande. Dessutan er det nesten aldri slik at eitt parti får fleirtal åleine. Lokalpolitikken er først og fremst kompromisskunst, og dei fleste avgjerder skjer samrøystes. Konfliktliner som eksisterer på riksplan, finst i mykje mindre grad i lokalpolitikken, og det er nesten aldri ideologiske motsetningar som står i vegen for samarbeid lokalt. Derfor handlar lokalvalkampen først og fremst om dei personane som stiller til val, den tilliten eller mistilliten dei har hos veljarane, og veljarane si vurdering av kva personane står for. Eigentleg er det berre ein fordel om lokalvalkampen blir meir personfokusert. Nå er veljarane gitt høve til å vere med og omprioritere litt på partilistene, men personinnverknaden er vesentleg mindre nå enn då veljarane hadde høve til å stryke kandidatar. Mange land har gitt veljarane større innverknad på personsamansetninga av særleg lokale folkevalde forsamlingar, og det burde også Noreg gjere. Det vil stimulere interessa for lokalvalet. I dag er

det altfor mykje opp til eit nominasjonsmøte med berre få medlemmer til stades kven det er som skal stå på listene. Av same grunn er direkte val av ordførar ei demokratisk nyvinning som fleire kommunar burde prøve.

**Ordføraren.** Kampen om ordførarposisjonen er blitt vesentleg hardare nå enn for nokre tiår sidan. Det er knytt både meir prestisje og meir makt til denne posisjonen, og på same måten som partileiarane på landsplan meir og meir profilerer partia sine, så er det ordføraren som profilerer kommunen. I mange tilfelle kan det vere ordføraren og ordførarens kompetanse, utstråling og erfaring som avgjer om ein kommune er i vinden eller ikkje. Ordføraren er ofte også den einaste fulltidspolitikaren lokalt, og det vil seie at han eller ho har vesentleg meir kontakt med veljarane enn dei menige kommunestyrerepresentantane. Ikkje minst er det i dag gjort mogeleg av teknologi som e-post og SMS. I forskingsprosjektet «ITK og lokaldemokrati» kom det såleis fram nyleg at nesten to av tre ordførarar har kontakt med innbyggjarane per e-post og SMS. 75 prosent av ordførarane nyttar e-post til å kommunisere med andre politikarar, og 90 prosent av dei brukar e-post til å kommunisere med rådmannen. Fleire og fleire av dei som vender seg til ordføraren, det vere seg privatpersonar eller bedrifter eller organisasjonar, gjer det ved bruk av elektronisk post. Dette forskingsprosjektet viste at dei elektroniske kommunikasjonsløysingane er ein styrke også for lokaldemokratiet. Både informasjonsflyten og tilgangen på informasjon er blitt mykje større, og det gjeld for lokalpolitikarane så vel som for veljarane. Problemet kan vere at meir og meir av kommunikasjonen blir uformell, og dermed utanfor innsyn og demokratisk kontroll.

**HARALD KJØLÅS**

*Konstituert ansvarleg redaktør,  
Sunnmørsposten*